

Møteinnkalling

Utval: **Folgefonna nasjonalparkstyre**
Møtestad: Rosendal, Folgefonnssenteret
Dato: 10.03.2022
Tidspunkt: 11:00 – 15:00 (inkl lunsj)

Forfall må meldast så snart som mogleg på e-post:
astrid.bakke.haavik@statsforvalteren.no eller på telefon: 40904341.
Vararepresentantar får kopi av innkallinga og møter etter nærare beskjed.

Alle delegerte vedtak ligg ute på: www.miljovedtaksregisteret.no.

For dei som skal sende reiserekning og krevje møtegodtgjersle:

1. Først må du registrere deg via denne lenka:

«Skjema for registrering av mottakarar som skal ha godtgjering»

<https://fmsffmedocvwr.fylkesmannen.no/edocument.viewer/fylkesmannen/eksterne>

2. Den enklaste måten å registrere møtegodtgjersle og reiserekning er gjennom appen «DFØ-app»

For hjelp til dette, sjå: «Selvbetjening for honorarmottakere»

<https://dfo.no/kundesider/lonn/selvbetjening-for-honorarmottakere>

Saksliste

| Utvals-saksnr | Innhald | Lukka | Arkiv-saksnr |
|---------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------|--------------|
| ST 1/22 | Godkjenning av innkalling og dagsorden | | |
| ST 2/22 | Val av styremedlem til å skrive under protokollen | | |
| ST 3/22 | Ny representant til Folgefonna nasjonalparkstyre | | 2022/107 |
| ST 4/22 | Konstituering av styret - Folgefonna nasjonalparkstyre 2022 | | 2022/107 |
| ST 5/22 | Årsrapprt 2021 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2022 | | 2022/107 |
| ST 6/22 | Prioritering av tildelte midlar - Folgefonna nasjonalparkstyre 2022 | | 2022/107 |
| ST 7/22 | Oppstart av revidering av forvaltingsplan for Folgefonna nasjonalpark - Folgefonna nasjonalparkstyre 2022 | | 2022/107 |
| ST 8/22 | Strategi for handsaming av dronesaker - Folgefonna nasjonalparkstyre 2022 | | 2022/107 |
| | | | |
| ST 11/22 | Framlegg - Søknad om motorferdsel og filminnspeling i Bondhusdalen LVO - Netflix - Folgefonna nasjonalparkstyre | | 2022/3307 |
| ST 12/22 | Framlegg - Etablering av mobilmast ved Buer - Telenor - Buer landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre | | 2022/1736 |
| ST 13/22 | Delegerte saker | | |
| DS 1/22 | Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - ATV med belter- vedlikehald stølshus - Helge Sandvin | | 2021/18295 |
| DS 2/22 | Delegert vedtak - Droneflyging i Folgefonna nasjonalpark - Helle film production - Besøkssenter nasjonalpark Folgefonna - Folgefonna nasjonalparkstyre | | 2022/3220 |
| DS 3/22 | Framlegg - Motorferdsel med snøskuter i | | 2022/1501 |

| | | |
|----------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------|
| | Sandvin-Vierdal - Ingrid Riise - Vierdal - Folgefonna nasjonalpark - Folgefonna nasjonalparkstyre | |
| DS 4/22 | Delegert vedtak - Helikoptertransport til Hjortedalen og Tverrelvhytta - Valestrand beitesforening - Folgefonna nasjonalpark - Folgefonna nasjonalparkstyre | 2022/1295 |
| DS 5/22 | Delegert vedtak - Motorferdsel med helikopter - Opprusting av sel i Bjørndal - Hattebergsdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre | 2021/642 |
| DS 6/22 | Delegert vedtak - Helikoptertransport til Hjortedalen og Tverrelvhytta - Valestrand beitesforening - Folgefonna nasjonalpark - Folgefonna nasjonalparkstyre | 2022/1295 |
| DS 7/22 | Løyve til tiltak - Søknad om midler til tiltak - Vedlikehald av grusveg Bondhus - Bondhusvatnet - Folgefonna nasjonalparkstyre | 2021/4614 |
| DS 8/22 | Oppdatert vedtak - Helikoptertransport til Hjortedalen og Tverrelvhytta - Valestrand beitesforening - Folgefonna nasjonalpark - Folgefonna nasjonalparkstyre | 2022/1295 |
| DS 9/22 | Framlegg - Utviding av løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Bondhusdalen Landskapsvernområde - Tiltak på Brufoss inntak og Stutatjønn kanal - Motorferdsel | 2019/1110 |
| DS 10/22 | Delegert vedtak - Helikoptertransport Sandvin-Vierdal - Ingrid Riise - Vierdal - Folgefonna nasjonalpak - Folgefonna nasjonalparkstyre | 2022/1501 |

ST 1/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkalling og dagsorden vert godkjent.

ST 2/22 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

_____ vart valt til å skriva under protokoll saman med styreleiar. Protokollen vert elektronisk godkjent.

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|------------------------------|-----------|------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 4/22 | 10.03.2022 |

Konstituering av styret - Folgefonna nasjonalparkstyre 2022

Innstilling frå forvaltar

Hilde Enstad vert vald som ny representant frå Kvinnherad kommune med personleg vara Leif Sverre Enes.

I medhald av punkt 4 i vedtekter av 01.01.2020 for Folgefonna nasjonalparkstyre, vert styret konstituert med val av leiar og nestleiar for perioden 2022 – 2023.

Leiar: Sigrid Brattabø Handegard

Nestleiar:

Saksopplysningar

Saksdokument:

- Brev av 28.01.2020 frå Miljødirektoratet til aktuelle kommunar og fylkeskommunar, *Oppnemning av medlemmer til Folgefonna nasjonalparkstyre*
- Forslag til representantar sendt frå Kvinnherad kommune til Miljødirektoratet 13.12.2021
- Brev av 15.12.2021 frå Miljødirektoratet, *Ny representant til Folgefonna nasjonalparkstyre*
- Vedtekter for Folgefonna nasjonalparkstyre, revidert 01.01.2020

På bakgrunn av framlegg frå kommunane og fylkeskommunen oppnemnte Miljødirektoratet fylgjande medlemmer for Folgefonna nasjonalpark for perioden 2020 - 2023:

| Styremedlem | Personleg vara | Representant for |
|---------------------------------|------------------------|------------------------|
| Hans Inge Myrvold | Hilde Enstad | Kvinnherad kommune |
| Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim | Kenneth Lyng Karlsen | Etne Kommune |
| Jarle Vangen | Kjellaug Hoaas Samland | Ullensvang kommune |
| Sigrid Brattabø Handegard | Terje Kollbotn | Vestland fylkeskommune |

Ved oppnemninga av styremedlemane er det teke omsyn til krava i likestillingslova.

Styret konstituerte seg i sak 2/20 26.03.2020 :

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 26.03.2020

Det vart lagt fram forslag om Sigrid Brattabø Handegard som leiar og Hans Inge Myrvold som nestleiar. Det er vurdert at det ikkje er trong for eit arbeidsutval men at det kan vurderast om

det skal setjast ned eit arbeidsutval i enkeltsaker.. Det vert vurdert om det er trong for eit rådgjevande utval på neste styremøte.

Vedtak

Leiar av Folgefonna nasjonalparkstyre vert Sigrid Brattabø Handegard Nestleiar vert Hans Inge Myrvold.

Oppnemning frå Miljødirektoratet 15.12.2021:

Etter ønske frå Kvinnherad kommune oppnemner vi Hilde Enstad som medlem av Folgefonna nasjonalparkstyre. Ho erstattar Hans Inge Myrvold for resten av inneverande valperiode. Samstundes oppnemner vi Leif Sverre Enes som ny vararepresentant til styret.

Vurdering

Miljødirektoratet fastsette reviderte vedtekter for Folgefonna nasjonalparkstyre 01.01.2020. Tal styremedlemmer er endra frå 6 til 4 medlemmer etter oppretting av Ullensvang kommune og Vestland fylkeskommune.

I medhald av vedtektene punkt 4 skal styret sjølv velja leiar og nestleiar:

4. Nasjonalparkstyret sine medlemmer, oppnemning, samansetjing mv.

Sammensetningen av styret skal følge kravene til kjønnsfordeling i likestillingsloven § 28. Nasjonalparkstyret skal ha 4 medlemmer med personlige varamedlemmer som møter når det faste medlemmet har forfall. Nasjonalparkstyret oppnevnes av Miljødirektoratet etter innstilling fra de berørte kommunene og fylkestinget i Vestland.

Hver kommune skal være representert med ett medlem og innstiller en kvinne og en mann blant kommunestyrets medlemmer. Fylkeskommunen skal være representert med ett medlem fra fylkestinget/fylkesrådet, og innstiller en kvinne og en mann blant fylkestingets/fylkesrådets medlemmer. Oppnevningsperioden for medlemmene følger valgperioden for henholdsvis kommunestyret og fylkestinget. Nasjonalparkstyret velger selv sin leder og nestleder.

Styret kan også velje å nedsette eit arbeidsutval i medhald av vedtektene punkt 5:

5. Oppretting av arbeidsutval

Styret kan nedsette eit arbeidsutval med personar frå styret.

Styret kan gje arbeidsutvalet mynde til å gjere vedtak etter naturmangfaldlova/verneforskrifta i einskilde saker som ikkje har stor påverknad på verneverdiane. Arbeidsutvalet sine vedtak skal vere innafor ramma av prinsipp fastsett av styret for dei ulike saksområda i tråd med naturmangfaldlova/verneforskrifta.

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|------------------------------|-----------|------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 6/22 | 10.03.2022 |

Prioritering av tildelte midlar - Folgefonna nasjonalparkstyre 2022

Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre vedtek budsjett for drift og tiltaksmidlar.

Saksopplysningar

Folgefonna nasjonalparkstyre gjorde vedtak 6. desember 2021.

Vedtak om tiltaksmidlar (ST 41/21)

Nasjonalparkstyret har vedtatt å søkje om 50 000 til å legge om nedste delen av stien i Skrelet ved Reisetete som er ein del av Buførevegen over Folgefonna frå Reisetete til Botsvatn i Ullensvang kommune.

- *Bondhus grunneigarlag har varsla at dei ikkje vert ferdige med vøling av vegen i år og at dei vil søkje om midlar til neste år.*

Forvaltar har ikkje fått tid til å planlegge eller samordne fleire tiltak som er klare for gjennomføring i 2022.

Difor føreslår forvaltar å vidareføre dei prosjekta som er delvis gjennomførte i 2021 med naudsynt finansiering. Elles bør ein bruke 2022 på å:

- *Skaffe grunneigaravtaler for å kunne drive hogst av framande bartre i verneområda*
- *Sikre framdrift i avtaler om å oppgradere og setje opp nye informasjonspunkt der det er behov for det (t.d. Møsevatnet, Sommarskiseret). Samarbeid med kommunar, grunneigarar og andre aktuelle aktørar.*
- *Skaffe oversikt over kunnskapsgrunnlag for revidering forvaltningsplanen*

Det var noko underforbruk i 2021. På slutten av året vart det overført 100 000,- til Folgefonnssenteret for å kjøpe tenester til revidering av forvaltningsplan. Det vart også overført 50 000,- til Folgefonnssenteret som skal dekke oppsett av nye plakatar på eksisterande skilttavler når desse vert klare.

Vedtak om drifts- og planmidlar (ST 42/21)

Styret vedtek driftsbudsjett for 2022 og forvaltar sender budsjettforslaget til Miljødirektoratet.

Styret vedtek også budsjett for kartleggingar, forvaltingsplan og bevaringsmål og sender søknad til Miljødirektoratet.

Driftsutgifter for utvala

Sum driftsutgifter

162 205

Utgifter i samband med forvaltingsplan, besøksstrategi og skjøtselsplanar

| | |
|---------------------------------------------------------------------|------------------|
| Revidering av forvaltningsplan | 1 000 000 |
| Kulturminnekartlegging | 100 000 |
| Kartlegging av stolar og stølsvollar | 200 000 |
| Kartlegging og sårbarhetsvurdering av kvartærgeologiske førekomstar | 100 000 |
| SUM | 1 400 000 |

Ferdselsteljarar (ikkje avgjort enno)

| Kor | Stk |
|------------------|------------------|
| Bondhusdalen | 3 |
| Hattebergsdalen | 2 |
| Botsvatn-Reisete | 2 |
| Møsevatnet | 1 (1 biltjeljar) |

Tildelte midlar

Tiltak

| Prioritet | Navn | Status | Innvilget beløp | Økonomisk ansvarlig |
|-----------|----------------------------------------|--------|-----------------|-----------------------|
| 1 | Trykke nye informasjonsplakater | OK | 50 000 | Forvaltningsmyndighet |
| 2 | Oppføring av nye skilt og tavler | OK | 100 000 | Forvaltningsmyndighet |
| 3 | Vøling av vegen til Bondhusvatnet | OK | 50 000 | Forvaltningsmyndighet |
| 4 | Ferdselsteljarar | Avvent | 0 | Lokalt SNO |
| 1 | Ny stitrasé ved Skrelet på Buførevegen | OK | 50 000 | Forvaltningsmyndighet |
| | SUM | | 250 000 | |

Drift, planar og kartlegging

| Navn | Status | Innvilget beløp | Kommentar frå Miljødirektoratet |
|---------------------------------------------------|-----------|-----------------|--------------------------------------------------------------------------|
| Driftsutgifter Folgefonna nasjonalparkstyre | Innvilget | 150 000 | |
| Revidering av forvaltningsplan for Folgefonna NP | Innvilget | 600 000 | antar at med ansettelsestid og ledige lønnsmidler så holder dette i 2022 |
| Kulturminnekartlegging Folgefonna | Avslag | 0 | ikke rom for denne søknaden |
| Kartlegging av støler og stølsvollar i Folgefonna | Avslag | 0 | ikke rom for denne søknaden |
| Kvartærgeologiske førekomstar i Folgefonna NP | Avslag | 0 | ikke rom for denne søknaden |
| SUM | | 750 000 | |

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|------------------------------|-----------|------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 7/22 | 10.03.2022 |

Oppstart av revidering av forvaltingsplan for Folgefonna nasjonalpark - Folgefonna nasjonalparkstyre 2022

Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre vedtek prosjektplan for revidering av forvaltningsplanar for alle verneområda dei har forvaltingsmynde for.

Oppstartsmelding vert sendt kommunar, andre offentlege etatar, grunneigarar, rettshavarar og andre brukargrupper.

Prosjektplan for revidering av forvaltningsplanar for

- **Folgefonna nasjonalpark**
- **Hattebergsdalen landskapsvernområde**
- **Ænesdalen landskapsvernområde**
- **Bondhusdalen landskapsvernområde**
- **Buer landskapsvernområde**
- **Langebudalen naturreservat**

Dokument som bakgrunn for saka

- Forvaltningsplan for Folgefonnområdet 2011
- Verneforskrift for Folgefonna nasjonalpark
- Verneforskrift for Hattebergsdalen landskapsvernområde
- Verneforskrift for Ænesdalen landskapsvernområde
- Verneforskrift for Bondhusdalen landskapsvernområde
- Verneforskrift for Buer landskapsvernområde
- Verneforskrift for Langebudalen naturreservat
- Kongeleg resolusjon
- Naturmangfaldlova 2009

Saksopplysingar

Forvaltningsplanar skal reviderast kvart 10. år for å vere mest mogleg tenleg når det gjeld aktuelle forvaltningsutfordringar og tiltak. Målet med revideringa er å oppdatere forvaltningsplanen med ny kunnskap om verneverdiar og bruk av området, og at planen skal følgje gjeldande mal for forvaltningsplanar.

På grunn av endra maler for forvaltningsplanar, vil det bli utarbeida seks forvaltningsplanar, ein for kvart verneområde, i staden for dagens felles dokument. Dei nye planane vil følge ein fastsett mal for digitale forvaltningsplanar som er gitt av Miljødirektoratet. Planane vil vere nettbaserte og ha ein felles utforming og oppbygging.

Verneområdestyret har ansvar for utarbeiding og revidering av forvaltningsplanane. Miljødirektoratet skal ha planane til fagleg gjennomgang før høyring og endeleg godkjenning etter høyring.

Forvaltar har sett opp framlegg til prosjektplan som skisserer framdrifta for revidering av forvaltningsplanane. Arbeidet med dei seks forvaltningsplanane vil skje parallelt med ein felles prosess. Etter at prosjektplanen er godkjent av styret, skal det gå ut melding om oppstart av planarbeid, slik at alle interesserte partar kan komme med innspel. Oppstartmeldinga vert og trykt i alminneleg leste aviser rundt verneområdet.

Prosjektplan for revidering av forvaltningsplan

Verneområda

| Verneområde | Areal i km ² | Verneår | Vedteken forvaltningsplan | Kommunar |
|-----------------|-------------------------|---------|---------------------------|------------------------------|
| Folgefonna | 545,2 | 2005 | 2011 | Kvinnherad, Ullensvang, Etne |
| Bondhusdalen | 14 | 2005 | 2011 | Kvinnherad |
| Ænesdalen | 3,4 | 2005 | 2011 | Kvinnherad |
| Hattebergsdalen | 15,4 | 2005 | 2011 | Kvinnherad |
| Buer | 21,3 | 2005 | 2011 | Ullensvang |
| Langebudalen | 0,22 | 2000 | 2001 | Etne |

Kva er ein forvaltningsplan

Forvaltningsplanen skal vere eit styringsverktøy i arbeidet med å forvalte verneområda og ivareta verneføremålet. Planen bør reviderast jamleg og ha eit perspektiv på minst 10 år.

Forvaltningsplanen skal:

- Presisere og utdjupe verneforskrifta
- Definere overordna forvaltningsmål og bevaringsmål
- Skildre tilstanden for naturmiljø, kulturminne og kulturlandskap, og synleggjere trugsmål både innanfor og utanfor vernegrensa
- Omhandle status for og behov frå ulike brukarinteresser (t.d. landbruk, friluftsliv, reiseliv, med fleire)
- Konkretisere ønskja og naudsynte tiltak i verneområda
- Legge til rette for gode rutinar i handsaminga av dispensasjonssaker etter verneforskrifta.

Arbeidet med forvaltningsplanen opnar ikkje for ny vurdering av verneforskrifta eller grensedraginga av verneområda. Miljødirektoratet planlegg ein større, samla prosess med revisjon av ei rekke verneforskrifter for nasjonalparkar og større landskapsvernområde seinare.

Føremål

Ein forvaltningsplan er ein praktisk rettleiar som skal sørge for at all forvaltning og bruk sikrar vernet. I arbeidet med planen er det viktig med brei deltaking frå ulike interesser og

brukargrupper. Det er eit mål å sikre god dialog og få god flyt av informasjon til alle involverte partar. Slik kan vi få fram verneføremålet og bruksverdiane, og på den måten dempe moglege konflikhtar.

Målgruppe

Målgruppa for forvaltningsplanen er kommunar og andre offentlege etatar, grunneigarar og rettshavarar, næringsorganisasjonar, interesseorganisasjonar og andre interesserte.

Innhald i forvaltningsplanen

Etter den nye malen frå Miljødirektoratet skal forvaltningsplanane ha følgande oppbygging:

- Innleiing
 - o Om forvaltningsplanen
 - o Forvaltningsmyndighetens oppgåve
- Områdefakta
 - o Internasjonale forpliktingar
 - o IUCN
 - o Bernkonvensjonen
- Natur
 - o Skildring
 - o Naturtypar
 - o Artar
 - o Raudlista artar
 - o Geologi
 - o Negativ påverknad
- Bruk historikk
 - o Eigarstruktur
 - o Verneprosess
 - o Restriksjonsområder
 - o Skjønnsføresetnadar
 - o Vernegrense
 - o Brukshistorie
 - o Landbruk
 - o Friluftsliv
 - o Jakt og fiske
 - o Reiseliv
 - o Forsking og undervisning
 - o Kulturminne
 - o Bygg og installasjonar
 - o Infrastruktur
 - o Motorferdsel
- Forvaltning
 - o Innleiing
 - o Tiltaksplan
 - o Skjøtselsplan
 - o Besøksforvaltning
 - o Forvaltningsutfordringar
 - o Naturmangfaldslova
 - o Sentrale føringar
 - o Forvaltningsmyndigheitas retningslinjer
- Kunnskapsgrunnlag
 - o Referanser

- Vedlegg

Organisering

Nasjonalparkstyret er styringsgruppa for arbeidet. Styret vil ha det overordna og formelle ansvaret for både planprosessen og plandokumentet. Det faglege rådgjevande utvalet og administrativt kontaktutval er referansegruppe og skal ha ein rådgjevande funksjon. Forvaltar vil stå for skrivearbeidet, samt organisering og gjennomføring av møter og gjennomføring av høyringsprosessar.

Sjølve arbeidet med planane er nettbasert med ein eigen nettportal som forvaltar har tilgang til. Når planane er klare for høyring, vil det leggest ut lenke til dokumenta på heimesida til nasjonalparkstyret.

Det vil i arbeidet med forvaltningsplanane leggest opp til å involvere lokalsamfunn, grunneigarar, næringsliv, organisasjonar, kommunar og andre som har interesse for bruk og forvaltning av områda.

Framdriftsplan

| Oppgåve | Ansvarleg | Tidspunkt |
|-----------------------------------------------------------------------|--------------------|---------------------|
| Vedta prosjektplan | Styret | Vår 2022 |
| Kunngjere/send ut oppstartsmelding | Forvaltar | Vår 2022 |
| Høyringsfrist oppstartsmelding | | Mai 2022 |
| Utarbeide utkast til forvaltningsplanar | Forvaltar | 2022-2023 |
| Folkemøter | Forvaltar og styre | Innan desember 2022 |
| Medverknad frå ulike interesse- og brukargrupper – møter og samlingar | Forvaltar | Innan mars 2023 |
| Fagleg godkjenning | Miljødirektoratet | Vår 2023 |
| Tilpassingar etter fagleg godkjenning | Forvaltar | Vår 2023 |
| Vedtak av planutkast | Styret | Mai 2023 |
| Plan på høyring | Forvaltar | 2023 |
| Handsaming av merknadar og innspel | Forvaltar | Haut 2023 |
| Vedta endeleg forvaltningsplan | Styret | 2023 |
| Godkjenning forvaltningsplan | Miljødirektoratet | 2023 |
| Utending av plan | Forvaltar | 2023/2024 |

Budsjett

| | Tildelt | Kostnadsoverslag | |
|------|----------------------------------------------------------|------------------|-------------------------------------|
| 2021 | 200 000 (100 000 overført til 2022, resten ompostert) | | Konsulenttenester i prosjektfase |
| 2022 | | 600 000 | Personalkostnad til prosjektstyring |
| 2023 | | 1 000 000 | Personalkostnad til prosjektstyring |

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|------------------------------|-----------|------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 8/22 | 10.03.2022 |

Strategi for handsaming av dronesaker - Folgefonna nasjonalparkstyre 2022

Framlegg frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre vedtek retningsliner for handsaming av dronesøknader.

Saksopplysningar

Folgefonna nasjonalparkstyre vedtok 12.09.2018 ein strategi med retningsliner for handsaming av søknader om droneflyging i Folgefonna nasjonalpark. Retningslinene har blitt brukt til alle løyver som er gitt seinare. No har vi eit større tilfang av saker å samanlikne med. I tillegg har det kome nokre problemstillingar som ikkje var vurderte ved førre vedtak. Forvaltar har lagt til punkt om tilsyn av sau utanom skårfeste.

Retningsliner for handsaming av søknader om å fly med drone

Droneflyging er forbode i Folgefonna nasjonalpark etter § 3 punkt 7.2:

«7.2 Støy -Bruk av motor på modellfly, modellbåt, isbor og liknande er forbode.»

Det er ingen spesifikke dispensasjonsreglar i verneforskriftene knytt til droneflyging. Ein må derfor vurdere søknader etter den generelle unntaksregelen § 4, jf. § 48 i naturmangfaldslova. Det er strenge vilkår for å bruke denne og regelen skal ikkje brukast til å uthole innhaldet i vernereglane. Utgangspunktet for all handsaming er føremålsparagrafen for verneområdet.

«§ 2. Formål

Formålet med nasjonalparken er å:

- ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde, som sikrar heilskapen og variasjonen i naturen frå låglandet til høgareliggjande område med fjell og bre
- ta vare på verdfull vassdragsnatur
- sikre det biologiske mangfaldet med økosystem, artar og bestandar
- sikre viktige geologiske førekomstar
- sikre verdfulle kulturminne.

Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.»

Folgefonna nasjonalparkstyre vil nytte desse retningslinene for handsaming av søknader om å fly med drone i verneområda.

| Type søknad | Løyve? | Vilkår ved ja / grunngeving på avslag | Eksempel-saker ephorte |
|--------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Forsking, naturdokumentasjon | Ja, med vilkår | Styre unna sårbare område på sårbare årstider Ikkje forstyrre friluftslivet | |
| Naturprogram, Formidling av Folgefonna | Ja, med vilkår | Styre unna sårbare område på sårbare årstider Ikkje forstyrre friluftslivet | 2021/10021 2021/11251 (løyver til besøkssenteret) |
| Overordna marknadsføring til reiselivsdestinasjon | Ja, med vilkår | Avgrense tid og ikkje forstyrre friluftslivet | 2017/10867 |
| Enkeltbedrift med aktivitet i verneomr. | Nei, krav om samordna søknad for reiselivsselskap/ destinasjon | Merknad: Eit unntak for breføring i brukssone, for å understreke behov for trygg ferdsel, med førar. | 2018/7321 2018/4927 2018/3881 (alle desse har fått løyve, men det var eit overgangstilfelle) |
| Arrangement/konkurransar, promoteringsvideo | Ja, med vilkår | Avgrensing av omfang ved at det skal gå 3-5 år mellom kva filming. | |
| Aktivitetsfirma turdokumentasjon for grupper | Nei | Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhaldet i vernereglane, jf. Nml § 10 samla belastning | |
| Private turar , film for sosiale media – Facebook , You Tube | Nei | Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhaldet i vernereglane, jf. Nml § 10 samla belastning | 2019/19178 (avslag) |
| Nyheits-formidling (Riksmedia) | Strengje vilkår | Må vera ein alvorleg situasjon av stor allmenn interesse | |
| Underhaldningsprogram (Riksmedia) | Nei, men kan i spesielle tilfelle ha særleg marknadsføringsverdi eller fokus på naturverdiane. Må vere knytt til staden/turistmålet. | Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhaldet i vernereglane, jf. Nml § 10 samla belastning | 2021/18133 (avslag) |

| | | | |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------|
| Spelefilm | Nei | Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhaldet i vernereglane, jf. Nml § 10 samla belastning | |
| Reklame | Nei | Reklame kan leggjast utanom verneområde, eller avgrensast til opptaksformer som ikkje utløyser behov for disp. | |
| Tilsyn med husdyr utan at det er opna for motorferdsel til føremålet. | Ja, med vilkår | Avgrensa flygetid og tidsrom | 2018/11224 2021/9198 2021/5815 |
| Tiltak der det er opna for motorferdsel i verneforskrifta | | | |
| § 3 pkt 6.3 b) Motorferdsel i samband med husdyrhald | Ja til ettersyn ved mogleg skårfeste om ein elles ville nytta helikopter | Avgrensa i fyketid og tidsrom | |
| § 3 pkt 6.3 i) Nødvendig motorferdsel i samband med drift, vedlikehald, og oppgradering/fornyng av eksisterande energi- og kraftanlegg jf § 3 punkt 1.2. b) nr 1 og 3. | Ja, i tilfelle der ein elles ville nytta helikopter vert det gitt løyve med tilsvarande vilkår | | 2017/14854 |

U. off.: offl. § 13, jf. fvl. § 13 første ledd nr. 1

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|------------------------------|-----------|------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 9/22 | 10.03.2022 |

Framlegg motorferdsel - Folgefonna nasjonalpark - Bondhusdalen - motorferdsel - drone - [REDACTED]**Innstilling frå forvaltar**

Folgefonna nasjonalparkstyre gjev avslag på søknad om motorferdsel med bil til Bondhusvatnet og Sandarvollen. Avslag er gitt med heimel i verneforskrift for Bondhusdalen landskapsvernområde og naturmangfaldlova.

Søknad

[REDACTED] søker i epost datert 18.02.2022 om løyve til motorferdsel på vegen i Bondhusdalen landskapsvernområde. I samband med opptak [REDACTED]

Etappa startar på den nordlegaste breen på Juklavassbrea, deltakarane skal ta seg over til den sørlege breen, innom to av DNTs hytter, Fonnabu og Holmaskjer, og ned Bondhusbrea til Bondhusvatnet, der dei har målgang, overnatting og start for seinare etappe.

Søkjjar vil køyre personell og utstyr inn og ut frå området. Dei har vore i dialog med Bondhus grunneigarlag og dei har gitt oss løyve til å bruke vegen i perioden. Det er søkt om å køyre til Bondhusvatnet og til Sandarvollen.

Tal bilar og turar

«Akkurat hvor mange biler det blir er litt vanskelig å si på dette tidspunktet. Vi skal etter beste evne begrense bruk av vei. Men slik planen ligger nå, må vi hente ut utstyr fra etappe den 03.05, en bil vil stå parkert på egnet sted natten til 04.05, sammen med deltagerne. Deretter må vi hente ut deltagerne den 04.05, samt kjøre de tilbake til samme leirplass, som natten før. Da blir det samme prosedyre, en bil blir stående. Den 05.05 blir det da kjørt opp etappecrew, som da går ned igjen. Og vi er da ferdig i Bondhusdalen. Det høres ut som mange biler, men jeg vil anslå 4 turer inn og ut med inntil 5 biler i løpet av disse 3 dagene. Dette er et anslag. Det vil bli 12 PAX som overnatter. Vi er i kontakt med Bondhus grunneierlag om dette også.»

Søkjjar ber om at søknaden vert halde unna offentleg ettersyn av omsyn til innspelninga.

Lovheimel

Saka gjeld motorferdsel i Bondhusdalen landskapsvernområde.

Søknaden må vurderast etter *Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde* og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

I *Forskrift om vern Bondhusdalen landskapsvernområde* § 3 punkt 5.1 står det at «*Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter*». Det er gjeve unntak for køyring som er naudsynt for landbruksdrifta i området.

I forvaltningsplanen er det spesifisert at persontransport er forbode.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Naturmangfaldlova § 8-12:

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggjast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurderer om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

Vurdering

Det er ikkje opna for å gje løyve til persontransport gjennom verneforskrifta, difor må heimelen vurderast etter naturmangfaldlova § 48. § 48 første ledd set rammer for kva unntak som kan vurderast:

«*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*»

Å oppleve stillheit og ro er blant dei viktigaste årsakene til at folk går på tur og driv med andre former for friluftsliv. Over 80 % oppgjer fred og stillheit i naturen som motivasjon for å gå på tur. Sesongen 2021 var det over nesten 60 000 besøkande som gjekk vegen inn til Bondhusvatnet og sesongen var godt i gang i mai. Vegene det er søkt om å køyre på er også gangveg for besøkande.

Motorferdsel vil vere ei betydeleg ulempe for gåande på vegen. Difor kan det berre forsvarast å gje løyve til strengt naudsynte føremål og med vilkår som sikrar verneverdiane i eit langsiktig perspektiv. Det bør ikkje gjevast løyve til transport når det ikkje er naudsynt for ivaretaking av verneverdiane, eller til tiltak det ikkje er opna for i verneforskrifta. Både nasjonale retningsliner og forvaltningsplanen legg vekt på at motorferdsel skal avgrensast i størst mogleg grad.

Forvaltninga skal vurdere samla belastning som eit tiltak kan ha på naturmiljøet jf. nml § 10. Sjølv om transporten i dette tilfelle ikkje vil skade verneverdiane isolert sett, vil auka motorferdsel samla sett føre til utholing av vernet. Samla effekt av fleire tilsvarande tiltak vil redusere verneverdiane og vere i strid med verneføremålet, og i tillegg kunne skape ein presedens for liknande søknader i framtida. Nasjonalparkstyret har ikkje høve til å vektleggja omsynet til kvar enkelt søkjar sine ynskje når føremålet med transporten ikkje er naudsynt transport. Det er stort press på vegen i Bondhusdalen og vi får årleg søknader om motorferdsel på vegen til ulike føremål. Om vi opnar for løyve til å køyre inn utstyr i samband med filminnspelning vil det skape ein presedens som utholder vernereglane.

Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 ikkje vurdert i denne saka då forvaltar gjev framlegg om avslag.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konflikhtar med friluftslivet. I dette tilfellet vil det vere mogleg å løyve oppdraget på alternative måtar.

På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12, meiner forvaltar transporten er i strid med verneforskrifta, og innstiller på at det ikkje kan gjevast dispensasjon til transporten etter naturmangfaldlova § 48 og søknaden vert avslått.

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|------------------------------|-----------|------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 10/22 | 10.03.2022 |

Framlegg - Folgefonna nasjonalpark - Bondhusdalen - motorferdsel - drone -

Framlegg frå forvaltar

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* og naturmangfaldlova § 48 gjev Folgefonna nasjonalparkstyre [redacted] løyve til bruk av drone til å filme i Folgefonna nasjonalpark.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld 01. - 08. mai 2022.
- Løyvet gjeld for inn til 10 minuttars flyging på maksimalt 6 lokalitetar.
- Dronepilot må gjere seg kjent med verneregiane
- Filminga skal om mogleg skje utanom helg og heilag dagar.
- Ved publisering av filmmateriale må det komme klart fram at søkjar har fått løyve til å filme frå Folgefonna nasjonalparkstyre.
- Ved bruk av film-materiale må det kome klart fram kva som er nasjonalparken sine verneverdiar
- [redacted]
- [redacted]
- [redacted]
- Om rovfugl eller ramn vert observert ved fyking skal ein straks sette drona på bakken
- Rapport over utført fyking skal sendast til folgefonna@statsforvalteren.no med referanse 2022/2581

Søknad

[redacted] økjer med epost 3. februar om løyve til å fly med drone i Folgefonna nasjonalpark.

Føremålet med filminga er å oversiktsbilete [redacted]
[redacted] Planen er å gå frå Juklavassbreen på Nordfonna til Sørfonna og innom Holmaskjer og Fonnabu og deretter ned Bondhusbrea til Bondhusvatnet. Det er tenkt å slå leir ved vatnet og starte neste etappe herifrå. Søkjar ønskjer dispensasjon til å filme [redacted] for å sikre at dei får godt nok vér til å gjennomføre turen. Drona vil likevel berre bli nytta dei tre dagane dei oppheld seg i området.

Søkjar ønsker at søknaden blir unnateke ålmenta for å skjerme deltakarane under innspeling.

Omfang:

Det er planlagt å nytte drone 6 gongar i løpet av turen, med ein flytid på 5 minutt på kvar tur. Drona vil alltid vere innafor synsrekkevidde og på motiv som er sentrale for dekninga av programmet. Drona er av typen DJI Mavic 2 Pro på 907 gram, noe som ikke vil gi noen avtrykk eller merker i naturen, og har dimensjonane 322x242x84 mm (lengde x bredde x høyde). Drona avgir ein gjennomsnittleg støy på 74.3 dB når han letter ved sida av fotografen med ein avstand på 4 meter. Droneoperatør er sertifisert og har erfaring med sporlaus ferdsel. Det skal etterstrebast å ikkje fly med drona i nærleiken av dyr, hekkeplassar eller hi. Så langt det er mogleg vil fyking skje på vekedagar for å unngå unødig forstyrning av friluftslivet.



Figur 1: Traseen som deltakarane skal bruke

Vurdering

Lovheimel:

Dei områda søkjar vil fly med drone ligg delvis innafor grensene til Bondhusdalen landskapsvernområde og delvis innafor Folgefonna nasjonalpark. I landskapsvernområdet er det dei generelle aktsemdsreglane for dronebruk som gjeld. I nasjonalparken er det i tillegg egne reglar som

regulerer bruken av dronar i verneforskrifta, for å avgrense uroing for dyr og menneske. Desse reglane er det nasjonalparkstyret som forvaltar og må dispensere frå.

Søknaden må vurderast etter Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark, § 48 i naturmangfaldlova og forvaltingsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

I Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 7.2. står det:

Bruk av motor på modellfly, modellbåt, isbor o.l. er forbode.

Under denne bestemminga fell også bruk av dronar. Det er ikkje opning for å søkje om dette gjennom verneforskrifta og difor må saka vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 48 (dispensasjon frå vernevedtak) i naturmangfaldlova som seier at nasjonalparkstyret kan gjera unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemnande, eller dersom tryggleiksomsyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal komme fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og lagt vekt på i saka.

Vurdering av saken

Bruk av drone er forbode i Folgefonna nasjonalpark, men det er høve å søke Folgefonna nasjonalparkstyre om dispensasjon gjennom den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48. I så fall gjeld strenge reglar for å få dispensasjon.

Delar av verneområdet har særleg sårbar natur, mens andre deler er særleg viktige friluftsområde. Å oppleve stillheit og ro er blant dei viktigaste årsakene til at folk går på tur og driv med andre former for friluftsliv. Over 80 % oppgjer fred og stillheit i naturen som motivasjon for å gå på tur. Dette må vi rekne med er særleg gjeldande når folk ferdast i ein nasjonalpark, der urørt natur er hovudføremålet med vern. Dronar fører med seg vesentleg støy og kan difor berre tillatast til strengt naudsynte føremål og med vilkår som sikrar verneverdiane i eit langsiktig perspektiv. Både nasjonale retningslinjer og forvaltningsplanen legg vekt på at støy i urørt natur skal avgrensast i størst mogleg grad.

Folgefonna nasjonalparkstyre vedtok i 2018 ST 22/18 ein strategi for handsaming av dronesaker.

Der er løyve til underhaldningsprogram skildra slik:

| | | |
|-----------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Underhaldningsprogram (Riksmedia) | Nei, men kan i spesielle tilfelle ha Særleg marknadføringsverdi eller fokus på naturverdiane. Må vere knytt til staden/turistmålet | Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhaldet i vernereglane, jf. nml § 10 samla belastning |
|-----------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|

Øyve til å filme med drone til same føremål som det er søkt om no. Då var vilkara at det skulle komme klart fram kva som var verneverdiane i nasjonalparken og at filming er gjort med løyve. Grunngevinga då var:

"Retningslinjene for bruk av drone i Folgefonna nasjonalpark viser til at det kan vurderast løyve til bruk av drone for underhaldningsprogram dersom: «(...) kan i spesielle tilfelle ha særleg marknadføringsverdi eller fokus på naturverdiane. Må vere knytt til staden/turistmålet». [redacted] er eit spesielt underhaldningsprogram som formidlar

naturopplevingar og vil ha ein særleg marknadsføringsverdi for dette konkrete området av nasjonalparken. Ein vurderar at programkonseptet er spesielt og at det difor ikkje er fare for ein presedens. Det er samstundes viktig at det er eit fokus på verdiane knytt til natur og landskap i nasjonalparken, og det er difor stilt vilkår om at dette skal formidlast tydeleg når film-materialet vert brukt, og at dette kun skal nyttast til dette spesifikke programmet."

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av drone i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av dronedyking på denne tida av året (databasane er sist sjekka 11.02.2022). Det er kjent at rovfugl og kråkefuglar som kan finnast i området kan reagere negativt på droner, særleg når dei dannar territorier rundt hekketida. For å unngå skade på fugl og forstyrning skal drona setjast på bakken med ein gong ein ser fugl i nærleiken.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette kva type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. For å filme frå lufta i nasjonalparken er det berre drone eller filming frå helikopter som er aktuelt. Droner er mykje meir skånsamme for verneverdiane å bruke enn helikopter, då dei er mindre, bråkar mindre og krev mindre flytid. Det er veldig populært å ha droner for tida og faren med å gje eit løyve er at folk som ser ein drone som fyker i området har lite moglegheit for å vite om ein treng løyve for å fly lovleg. Det vert oppfordra til å informere så godt som råd er når ein er på ein lokalitet og filmer, slik at publikum skjønner at det ikkje er fritt fram å filme med dronar i verneområdet. Det vert også sett krav om å merke publisert materiale med at det er filma etter løyve frå nasjonalparkstyret, då det er elles er vanskeleg for publikum å vite dette.

I dette tilfellet meiner ikkje forvaltar at bruk av drone ha stor verknad på verneføremåla eller føre til ein vesentleg negativ påverknad av verneverdiane. Det er likevel viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å kjøre på sundagar og heilagdaggar for å unngå konflikt med anna friluftsliv og unødig forstyrning av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastninga i området og vurderer den førebels som avgrensa. Om mengda dronedykking aukar betrakteleg, må ein vurdere samla belastning på nytt. Det har dei siste åra vore fleire tilfelle av ulovleg dyking i verneområdet og det viktigaste er å informere om regelverket. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurderte men ikkje funne relevante i denne saka.

Konklusjon: Forvaltar finn at tilhøva for å gje løyve ikkje har endra seg nemneverdig sidan førre søknad i 2020 og at søkjar difor kan få løyve.

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|------------------------------|-----------|------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 11/22 | 10.03.2022 |

Framlegg - Søknad om motorferdsel og filminnspeling i Bondhusdalen LVO - Netflix - Folgefonna nasjonalparkstyre

Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre gjev avslag på søknad om motorferdsel med bil til Bondhusvatnet. Avslaget er gitt med heimel i verneforskrift for Bondhusdalen landskapsvernområde og naturmangfaldlova.

Søknad

SAM Productions AS søker om løyve til å nytte bil på vegen til Bondhusvatnet. I samband med innspeling av 3. sesong av serien Ragnarok vil søkjar gjere opptak i Bondhusdalen og ønskjer å køyre opp utstyr i samband med dette. Det er tenkt å filme i 1-2 dagar i løpet av mai 2022. Det er behov for å frakte opp:

- Crew på 30 personar
- Paviljong og leir til bruk under innspelinga.
- Enkelte bilar med utstyr så tett på innspelinga som mogleg.

Det har ikkje vore mogleg å gjennomføre research til innspelinga enno, så alle detaljar er ikkje kjente enno, men søkjar kan utdype nærare etter synfaring.

Lovheimel

Saka gjeld motorferdsel i Bondhusdalen landskapsvernområde.

Søknaden må vurderast etter *Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde* og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

I *Forskrift om vern Bondhusdalen landskapsvernområde* § 3 punkt 5.1 står det at «*Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter*». Det er gjeve unntak for køyring som er naudsynt for landbruksdrifta i området.

I forvaltningsplanen er det spesifisert at persontransport er forbode.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Naturmangfaldlova § 8-12:

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggest til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurderer om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

Vurdering

Det er ikkje opna for å gje løyve til persontransport gjennom verneforskrifta, difor må heimelen vurderast etter naturmangfaldlova § 48. § 48 første ledd set rammer for kva unntak som kan vurderast:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Å oppleve stillheit og ro er blant dei viktigaste årsakene til at folk går på tur og driv med andre former for friluftsliv. Over 80 % oppgjer fred og stillheit i naturen som motivasjon for å gå på tur. Sesongen 2021 var det over nesten 60 000 besøkande som gjekk vegen inn til Bondhusvatnet og sesongen var godt i gang i mai. Vegen det er søkt om å køyre på er også gangveg for besøkande.

Motorferdsel vil vere ei betydeleg ulempe for gåande på vegen. Difor kan det berre forsvarast å gje løyve til strengt naudsynte føremål og med vilkår som sikrar verneverdiane i eit langsiktig perspektiv. Det bør ikkje gjevast løyve til transport når det ikkje er naudsynt for ivaretaking av verneverdiane, eller til tiltak det ikkje er opna for i verneforskrifta. Både nasjonale retningslinjer og forvaltningsplanen legg vekt på at motorferdsel skal avgrensast i størst mogleg grad.

Forvaltninga skal vurdere samla belastning som eit tiltak kan ha på naturmiljøet jf. nml § 10. Sjølv om transporten i dette tilfelle ikkje vil skade verneverdiane isolert sett, vil auka motorferdsel samla sett føre til utholing av vernet. Samla effekt av fleire tilsvarande tiltak vil redusere verneverdiane og vere i strid med verneføremålet, og i tillegg kunne skape ein presedens for liknande søknader i framtida. Nasjonalparkstyret har ikkje høve til å vektleggja omsynet til kvar enkelt søkjar sine ynskje når føremålet med transporten ikkje er naudsynt transport. Det er stort press på vegen i Bondhusdalen og vi får årleg søknader om motorferdsel på vegen til ulike føremål. Om vi opnar for løyve til å køyre inn utstyr i samband med filminnspeling vil det skape ein presedens som utholer vernereglane.

Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 ikkje vurdert i denne saka då forvaltar gjev framlegg om avslag.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrningar av dyreliv og konflikhtar med friluftslivet. I dette tilfellet vil det vere mogleg å løyve oppdraget på alternative måtar.

På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12, meiner forvaltar transporten er i strid med verneforskrifta, og innstiller på at det ikkje kan gjevast dispensasjon til transporten etter naturmangfaldlova § 48 og søknaden vert avslått.

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|------------------------------|-----------|------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 12/22 | 10.03.2022 |

Framlegg - Etablering av mobilmast ved Buer - Telenor - Buer landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre

Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyret gjev Telenor Infra, ved Technogarden AS løyve til å setje opp mast for mobildekning med tilhøyrande utstyrshytte i Buer landskapsvernområde.

Løyvet er gitt med heimel i verneforskrift for Buer landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 (1. ledd andre alternativ)/tredje alternativ.

For løyvet gjeld følgjande vilkår

- Plassering koordinater: 60.04404, 6.47849 og gnr/bnr 51/1
- Mast mål: maksimalt 24 meter høg og elles som omsøkt.
- Utstyrshytte med ytre mål 3,3 meter lang og 2,2 meter brei, med mønehøgde på maksimalt 3,4 meter over grunnmur. Fundamentering og hytte skal utførast som planteikningane i søknaden viser.
 - Utstyrshytte skal utformast så han blir lite synleg i terrenget
 - Målast i ein mørk jordfarge, dør og ev. vindaug også
 - Tak av mørk blikk
 - Ikkje utvendig lys
- Ved graving av jordkabel og fundament må topptorv leggest tilbake etter graving
- Om basestasjonen fell ut av bruk skal alt materiale fjernast for tiltakshavar si reikning
- Alt avfall og utstyr skal ryddast opp og fraktast ut ved ferdig bygg
- Anleggsperioden skal vere avslutta innan 31.12.2022
- Rapport for utført arbeid med sluttbilete skal sendast til nasjonalparkstyret, på folgefonna@statsforvalteren.no.

Saksopplysningar

- Søknad frå Technogarden på vegne av Telenor, datert 15.02.2022

Søknad

Tehnogarden AS søker på vegne av Telenor Infra AS om løyve til å etablere ein ny basestasjon i brev av 15. februar 2022. Omsøkt plassering er på gnr/bnr 51/1 innafør grensene til Buer landskapsvernområde (sjå figur 1 for nøyaktig plassering).


Det er søkt om å bygge ei mast med 24 meters høgd og det skal plasserast mobilantenner på toppen. Masta er konstruert for å kunne byggast på til 36 meter om det skulle bli behov for ekstra kapasitet i framtida eller om andre operatørar vil plassere antenner i masta.


Det er også søkt om ei tilhøyrande utstyrshytte på 8 m². Hytta er konstruert for å kunne byggast på ved kapasitetsendring eller andre behov. Det er teikningar som viser plassering, mål og utsjånad på tiltaket med i søknaden (vedlagt).

Arbeidet med å bygge masta vil ta om lag 30 dagar i ein periode som vil ta mellom 4 – 12 veker.

Både masta og utstyrshytta må støypast fast men etablerast på søyler eller punkt. Rundt masta må det i tillegg etablerast eit jordingsanlegg. Straum og fibersamband vert henta frå næraste stolpe i leidningsnettet, om lag 40 meter vekk, og leggast i bakken.

Etter byggeperioden vil det vere naudsynt med vedlikehald og tilsyn om lag ein gong i året, meir ved oppgraderingar eller feil. Utstyr og material må flygast inn med helikopter. Det er rekna at ein vil trenge 3- 5 dagar med flyging for å fly inn alt, men det er ikkje mogleg å estimere noko tal på turar ein treng enno. Alternative plasseringar utanfor landskapsvernområdet er vurderte og diskuterte på synfaring. Søkjer meiner likevel at omsøkte plassering er den som best vil ta vare på landskapet og omsyn til grunneigarar og besøkande.





Figur 2: Kartet viser plassering av omsøkt mast med oransje prikk. Nedste parkeringsplass på Buer ligg rett nord for elva. Det står i dag eit felt med lerketre mellom mastplasseringa og elva. Vernegrensa til landskapsvernområdet er vist i raudt og alternative masteplasseringar utanfor verneområdet er markerte og nummererte til dei er omtalt i vurderinga.



Figur 3: Flybilete av plasseringa



Figur 4: Viser utsikt frå vegen mot omsøkt masteplassering i oransje prikk og alternative plasseringar 1 og 2

Lovheimel

Det omsøkte tiltaket er plassert innafor vernegrensene til Buer landskapsvernområde. Buer landskapsvernområde blei verna i 2005 for å:

- ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar knytte til heilskapen og variasjonen i naturen frå dalføret opp mot høgfjellet.
- sikre viktige geologiske førekomstar og biologisk mangfald.
- sikre verdfull vassdragsnatur.
- verne om verdfulle kulturlandskap og kulturminne.

Allmenta skal ha høve til naturoppleving ved å utøve naturvenleg og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

I landskapsvernområdet er naturen verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Det er eit generelt forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring av bygningar eller anlegg, andre varige eller mellombelse innretningar, jamfør verneforskrifta § 3.

All ombygging, utviding og nybygg skal vere i samsvar med tradisjonell byggeskikk og vere tilpassa landskapet.

Det er ikkje gjort unntak i vernereglane for å bygge mobilmast. Tiltaket må difor vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen som vi finn i naturmangfaldlova § 48. Nasjonalparkstyret kan gjera unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemnande, eller dersom tryggleikssyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt.

I kongeleg resolusjon har grunneigarane bedt om at forskrifta må ta høgde for naudsynte tiltak knytt til bygningar, gardstun og innmark. Det er også sagt at det er ein korridor som er teken ut av verneområdet slik av busetting, veg og nærområde til dette ikkje blir med i verneområdet.

I forvaltingsplanen er det skildra ulike tiltak som har vore naudsynte for å sikre hus og innmark på Buer. Nokre av desse tiltaka har også vore innafor vernegrensene.

Frå forvaltingsplanen:

Odda Energi har ansvaret for å levere straum og for å halde vedlike kraftlina opp til Buer. Vegen og noko areal langs denne er halde utanfor landskapsvernområdet, men flaumen hausten 2005 førte til at to stolpar måtte flyttast til sørsida av elva, slik at desse i dag står så vidt innanfor vernegrensa. Dette kan medføre noko aktivitet i verneområdet.

Motorferdsel i samband med drift, vedlikehald og rehabilitering av kraftanlegg og vassforsyningsanlegg krev ikkje særskilt løyve etter vernereglane, jf. pkt. 5.2 d.»

Tilgong til internett og mobildekning er ikkje nemnt i forarbeid, forskrift eller forvaltingsplan.

Vurdering

Bakgrunn

Saka gjeld etablering av mobilmast i Buer landskapsvernområde.

Buer landskapsvernområde omringar gardane på Buer i eit trangt dalføre. Landskapet er dramatisk, med dei høge fjella som stupar ned til elva i dalbotnen. På tunet på Buer går blikket frå tun og innmark til bratte, lauvkledde lier og dei store urene og nutane på høgfjellet. Blikket førest heile vegen mot dalenden der Buerbreen kvelvar over kanten.

Buer er eit av dei mest besøkte områda våre og før pandemien var det godt over 30 000 besøkande som tok turen hit kvart år. Det første besøkande møter er tunet på Buer med dalen og breen i bakgrunnen. Etterkvart som ein går mot breen vil også utsikten ut dalen austover mot Rossnos bli viktigare.

Det er eit om lag 280 dekar stort område som ikkje er verna på Buer (sjå kart). Bakgrunnen for plassering av vernegrensene var ei avveging mellom grunneigarrettene og omsynet til landskapskvalitetane i det tronge dalføret, som er ein veldig viktig del av verneverdiane her. I ein så trong dal blir det vanskeleg å vurdere effektane på landskapet sin art og karakter utelukkande basert på inngrepa som ligg innanfor vernegrensene, då eit inngrep utanfor vernegrensene fort kan ha større skjemmande verknad.

Det har tidlegare vore ei enkel internettilkobling via telefonlina inn til Buer. Denne er no i 2021 bytt ut med ein fiberkabel som følgjer straummastene fram til Buer. Det er svært avgrensa mobildekning i heile Buerdalen og naudnettet fungerer heller ikkje i dalen. Ved redningsaksjonar har naudetatane nytta jaktradioar. Ei mobilmast her vil sikre dekning i store delar av dalen og kunne lette arbeidet for redningsmannskap. Mobildekning har ikkje vore diskutert i verneprosessen, men slik utviklinga har vore dei siste femten åra har det blitt viktigare og viktigare for tryggleik og tilrettelegging.

Heile dalbotnen er utløpssone for steinsprang og snøskred og områda langs elva er flaumsoner. Dette gjer det vanskeleg å finne ein eigna plassering av ei mobilmast. Det er ikkje kartlagt artar av nasjonal forvaltingsinteresse på lokaliteten. Det er fleire kartlagte naturtypar i nærleiken, men desse ligg alle på nordsida av elva i edellauvskogen. Heile Buerdalen er med i eit område kartlagt som svært viktig for friluftsliv og det er merka sti inn til Buerbreen og opp til Buerstølen og Reinanuten. Det er viktig at plasseringa av masta gjer at han blir minst mogleg synleg, særleg mot ein horisont. Etablering av ei mast på omsøkt lokalitet vil ikkje påverke arealet med inngrepsfri natur i nasjonalparken, då det allereie er bygningar og traktorvegar som påverkar som ligg lenger inne enn dette tiltaket. Forvaltar meiner at kunnskapsgrunnlaget er godt nok til å ta ei avgjerd i denne saka. Denne saka er godt nok belyst til at vi kjenner

verknadene tiltaket vil ha på verneverdiane og vilkåra for byggeløyvet sett føringar for å unngå skade på naturmangfaldet.

Vurdering av plassering av mast

Det er viktig å vurdere alternative plasseringar og teknikkar før ein gjer avgjerd etter verneforskrifta. Forvaltar har hatt med grunneigar på Buer på synfaring 16.02.2022, som har hatt synfaring med radioingeniør frå Technogarden AS. På grunn av restriksjonar har det vore vanskeleg å få til ei felles synfaring med kommune og planleggjarar frå Technogarden AS. På synfaringa så vi på omsøkte masteplassering og alternativa utanfor verneområdet. Det var ikkje mogleg å synfare sjølve plasseringa i terrenget på grunn av mykje snø, men søkjar har lagt ved bilete og GPS-posisjon på ønska lokalitet. Her ser vi at masta vil bli plassert på ei skogkledd flate med ein blanding av bjørk og lerk rundt.



Figur 5: Viser alternative plasseringar av masta utanfor LVO. Omsøkt plassering vil vere bak punkt nr 2, om lag 30 meter lågare i terrenget. Utsikten er frå Gletthaug.

Alternativ plassering nr 1 ligg rett ovanfor parkeringsplassen i ei rasmark med store steinar. Forankring av masta her vil krevje større inngrep i terrenget då det ikkje er fast grunn. Her vil masta stå utanfor verneområdet, men høgare i terrenget og er meir synleg når ein ser ut dalen. Området er også kartlagt som ein viktig haustingsskog med fleire raudlisteartar knytt til styvingstre. Alternativ plassering nr 2 kjem tett på klyngjetunet og er difor ikkje ønskjeleg frå grunneigarane si side. Ei mast her vil ruve i terrenget og kan treffe horisonten når du ser han frå parkeringsplassen og frå tunet og brua. Alternativ nr 4 er nok det alternativet som vil ha mest

negativ verknad på oppleving av landskapet, då masta vil bli det første møtet ein får når ein går innover dalen til Buerbreen. Ei alternativ plassering på Furehaug (plassering nr 3) oppom klyngjetunet vil trekke grensa for inngrepsfri natur 150 meter lenger inn i verneområdet. Plasseringa vil også medføre at kablar for straum og nett må trekkast om lag 170 meter mot 30 meter på omsøkte plassering.

Det er ein del tekniske installasjonar som straummaster, gjerder og liknande som påverkar landskapet på Buer, plasserte både innanfor og utanfor vernegrensene. Eit av dei viktigaste føremåla med landskapsvernområdet er å ta vare på opplevingskvalitetane i landskapet. Det er krevjande å plassere ei mobilmast med 24 meters høgde i den tronge dalen utan at han vil hamne i ei viktig siktlina for besøkande og fastbuande. Mobilmasten er tenkt plassert i nær tilknytning til eksisterande straummaster på sørsida av elva. Det er straummaster inne i landskapsvernområdet og tre av dei er plasserte på sørsida av elva etter ein flaum i 2005. Etter § 10 i naturmangfaldlova skal ein vurdere samla belastning som eit tiltak vil ha på verneverdiane. Det er ein del infrastrukturtiltak knytt til Buerdalen som heilhet, både innafor og utanfor vernegrensene. Slik terrenget er og vernegrensene er lagt har det vore vanskeleg å halde alle tekniske inngrep utanfor vernegrensene. Forvaltar ser omsøkte tiltak som omfattande utover dei eksisterande inngrepa då det vil bli større og lengre inn i verneområdet. Forvaltar ser det som lite sannsynleg at det vil bli aktuelt med tiltak av tilsvarande omfang i framtida. Totalt sett vurderer forvaltar at den samla belastninga på Buer som heilhet vil bli minst med ei masteplassering på omsøkte lokalitet.

Sjølve masten blir 24 meter høg med mobilantennar i toppen (sjå døme frå Tindelands i Vindafjord).



*Eksempel etablert basestasjon
Tindelands i Vindafjord Kommune*

Det er eit snevert rom for å gje løyve etter § 48 for å ikkje uthole vernereglane. Føremålet med vern av Buer landskapsvernområde er å ta vare på landskapet sin art og karakter og dei opplevingskvalitetane som er knytt til det. Forvaltar meiner tiltaket er av ein storleik som gjer at det kan stri mot føremålet med vernet og påverke verneverdiane vesentleg. Der omsyn til tryggleik eller vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt kan ein likevel gjere unntak frå vernevedtaket.

Om tryggleiksomsyn gjer det naudsynt med tiltaket er i stor grad eit skjønsspørsmål. Sidan det ikkje er dekning korkje på naudnett eller mobilnett i dag er det ei klar forbetring av tryggleiken i dalen å få dette på plass. Det er eit stor tal besøkande som går turen til Buerbreen kvart år og ein stor del av dei besøkande (85 % i 2018) er utlendingar. Det er vanleg med fleire redningsaksjonar i året. Slik sett er det tydeleg at ei mast på Buer vil betre tryggleiken i området.

Konklusjon

Forvaltar meiner tiltaket er godt nok opplyst til at det er mogleg å gjere eit vedtak. Plassering og utforming av masta må vere på ein slik måte at det minimerer konflikten med verneverdiane. Kor vidt det er naudsynt å plassere masta inne i verneområdet er det grunnleggande spørsmålet i denne saka. Det er fleire aktuelle plasseringar utanfor vernegrensa, alle med sine utfordringar. Forvaltar meiner det viktigaste omsynet å ta på Buer er dei visuelle verknaden av ei mobilmast på landskapet rundt. Det er eit lite område, med mange eksisterande inngrep og eit stort besøkstrykk. Forvaltar meiner omsøkte plassering, sjølv om det er innanfor vernegrensa, er den plasseringa som vil ha minst negativ påverknad på landskapet sin art og karakter og at det difor er tilrådeleg med eit løyve.

ST 13/22 Delegerte saker

DS 1/22 Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - ATV med belter-vedlikehold stølshus - Helge Sandvin

DS 2/22 Delegert vedtak - Droneflyging i Folgefonna nasjonalpark - Helle film production - Besøkscenter nasjonalpark Folgefonna - Folgefonna nasjonalparkstyre

DS 3/22 Framlegg - Motorferdsel med snøskuter i Sandvin-Vierdal - Ingrid Riise - Vierdal - Folgefonna nasjonalpark - Folgefonna nasjonalparkstyre

DS 4/22 Delegert vedtak - Helikoptertransport til Hjortedalen og Tverrelvhytta - Valestrand beitesforening - Folgefonna nasjonalpark - Folgefonna nasjonalparkstyre

DS 5/22 Delegert vedtak - Motorferdsel med helikopter - Opprusting av sel i Bjørndal - Hattebergsdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre

DS 6/22 Delegert vedtak - Helikoptertransport til Hjortedalen og Tverrelvhytta - Valestrand beitesforening - Folgefonna nasjonalpark - Folgefonna nasjonalparkstyre

DS 7/22 Løyve til tiltak - Søknad om midler til tiltak - Vedlikehold av grusveg Bondhus -Bondhusvatnet - Folgefonna nasjonalparkstyre

DS 8/22 Oppdatert vedtak - Helikoptertransport til Hjortedalen og Tverrelvhytta - Valestrand beitesforening - Folgefonna nasjonalpark - Folgefonna nasjonalparkstyre

DS 9/22 Framlegg - Utviding av løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Bondhusdalen Landskapsvernområde - Tiltak på Brufoss inntak og Stutatjønn kanal - Motorferdsel

DS 10/22 Delegert vedtak - Helikoptertransport Sandvin-Vierdal - Ingrid Riise - Vierdal - Folgefonna nasjonalpak - Folgefonna nasjonalparkstyre